

Vedtekter

Vedtekne av Volda kommunestyre i møte 11.02.77, SAK 14/77, ENDRA: 25.05.81 - K-sak 82/81, 19.12.85 - K-sak 208/85, 12.07.89 - F-sak 234/89, 28.06.90 - K-sak 109/90, 21.03.91 - K-sak 33/91, 29.04.92 - K-sak 57/92, 04.11.93 - K-sak 152/93, 01.02.96 - K-sak 12/96, 25.02.99 - K-sak 11/99. Ajourført pr. 01.01.01 p.g.a. ny administrativ organisering. Endra i K-sak 22/05. Sist endra i K-sak 71/ 05.

§ 1. FØREMÅLET MED EIN BARNEHAGE

Barnehagen skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, føresegner og retningsliner som Kunnskapsdepartementet til ei kvar tid fastset, og i samsvar med kommunale vedtak.

Barnehagen skal vere ei pedagogisk tilrettelagt verksemd.

Barnehagen skal bygge verksemda si på dei kristne grunnverdiane.

Barnehagen skal gi barn i førskulealderen gode høve til utvikling gjennom leik og aktivitetar i nær forståing og samarbeid med heimen til barna.

§ 2. EIGARTILHØVE/ADMINISTRASJON

Desse vedtektene gjeld for dei barnehagane som kommunen eig.

Dei kommunale barnehagane er administrerte av barnehageavdelinga.

Driftsstyret er ansvarleg for drifta av dei kommunale barnehagane.

Vedtektene kan endrast av kommunestyret.

§ 3. FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet er samansett av foreldra/ dei føresette til barna i barnehagen. Samarbeidsutvalet er samansett av repr. frå foreldra/føresette, kommunen og dei tilsette i barnehagen slik at kvar gruppe er likt representert.

Kommunen kan vedta å ha felles samarbeidsutval for skule og barnehage der barnehage og skule er knytta til same bygning.

§ 4. OPPTAK

Opptak av barn i dei kommunale barnehagane er delegert til barnehagesjefen.

Ei opptaksgruppe samansett av barnehagesjefen, styrarane i kommunale barnehagar, styrar for Sunnmøre Helseforetak sin barnehage og styrarane i private barnehagar samordnar og gjer hovedopptaket for Volda sentrum i mars månad.

Alle som har barnehageplass får behalde plassen til dei startar på skulen - dersom dei føresette ynskjer det. Innan 1. mars kvart år må dei føresette fylle ut eit innmeldingsskjema for komande barnehageår. Innmeldingsskjema får ein i barnehagane.

For nye søkjarar er søknadsfristen 1. mars kvart år. Søknadsskjema får ein i barnehagane, i Servicekontoret eller på kommunen si heimeside.

Opplysningar om tilhøve som det skal takast omsyn til ved barnehageopptaket, må fylgje søknaden.

Søkjarar som meiner dei har rett til plass under opptakskriterie 1 eller 2 må ha tilråding frå lege, helsesyster, PPT, barnevernet eller barnehagestyrar. Tilrådinga skal skrivast på fastsett skjema utarbeidd av barnehageavdelinga.

Søklar til barnehageplass må bu i Volda kommune. Dersom ein søker barnehageplass før ein flyttar til kommunen, må ein legge fram kopi av flyttemelding eller anna stadfesting på at ein skal flytte til kommunen. I særskilde høve kan det gjerast unntak frå denne regelen.

Søknader som kjem inn etter søknadsfristen den 1. mars, må vurderast etter klagefristen for hovudopptaket. Søknadene vert då handsama dersom dei er prioritert etter opptakskriterie 1 eller 2. Andre søkjarar vert plassert på varaliste i den rekkjefylgje dei kjem inn.

For opptak etter søknad til dei kommunale barnehagane i Volda skal opptakskriteria ha fylgjande prioritering:

1. Barn med nedsett funksjonsevne.
2. Barn med særlege tilpassingsvanskar, sjukdom og/eller sosiale vanskar hjå føresette eller andre i familien.
3. Barn som går i barnehagen frå før og søker utvida plass.
4. 5- åringar.
5. Der to eller fleire står likt, skal det takast omsyn til om barnet har sysken i vedkomande barnehage frå før.
6. Barn som har vanskelege bu - og leiketilhøve (t. d. mangel på leikekameratar, stor trafikk, ope vatn).
7. Barn som treng plass i barnehage på grunn av at foreldra er i arbeid eller under utdanning.
8. Andre grunnar.

Barnetalet i barnehagane vert å fastsetje etter føresegnar til Lov om barnehagar.

Klage på opptaket i dei kommunale barnehagane skal sendast til barnehageavdelinga og handsamast i Driftsstyret.

§ 5. FORELDREBETALING

Betalingssatsane vert regulert av Lov om barnehagar gjennom føresegn om foreldrebetaling i barnehagar. Kommunestyret skal godkjenne betalingsatsane i dei kommunale barnehagane.

Matpengar kjem utanom den månadlege foreldrebetalinga.

For heildagsbarnehageplassar vert det betalt for 11 mndr. per år.

Får barnet tildelt plass innan den 15. i mnd. eller før, må ein betale for heil månad. Får barnet tildelt plass etter den 15. vert det betalt for halv månad. Juli månad er betalingsfri.

For korttidsbarnehageplassar vert det betalt for 10 mndr. pr. år når dei fylgjer skuleruta. Det er betalingsfri i halve juni, heile juli og halve august.

Kommunen har syskjenmoderasjon.

Oppseiingstida for barnehageplassar er ein månad rekna frå den 1. i påfylgjande månad.

Dersom barn ikkje skal gå i barnehage etter 1. mai må foreldra seie opp plassen før 1. april. Vert plassen sagt opp etter 1. april må ein betale ut juni månad.

Barnehagesjefen kan seie opp barnehageplassar som det ikkje vert betalt for. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil elles bli lagt til grunn som avslag på plass ved seinare barnehageopptak og opptak til skulefritidsordningar.

§ 6. OPNINGSTIDER / STENGINGSTIDER

Heildagsbarnehagane har ope inntil 9 timar per dag alle kvardagar utanom jul- og nyttårsafta og frå kl. 12.00 på onsdag før skjærtorsdag. I feriane skal barnehagane samarbeide om drifta der dette er naturleg.

Kurs- og planleggingsdagane til personalet vert rekna med i det årlege barnehagetilbodet som kommunen kan tilby. Dagane skal nyttast til å styrke kvaliteten på tilbodet og å heve kompetansen til personalet. Det er sett av 5 dagar årleg. Barnehagane er stengde desse dagane.

Korttidsbarnehagane har ulike opningstider. Dei fylgjer skuleruta dersom ikkje noko anna er avtalt.

§ 7. FERIE

Alle barn i barnehagen må ha minst 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår, derav 3 veker samanhengande.

§ 8. LEIKE - OG OPPHALDSAREAL

Norm for leike - og opphaldsareal for heildagsbarnehagane er 4 kvm per barn over 3 år, og 5,5 kvm per barn under 3 år.

For korttidsbarnehagane er norma 3 kvm per barn over 3 år, og 4,5 kvm per barn under 3 år.

§ 9. INTERNKONTROLL

Styraren i barnehagen er ansvarleg for oppfylging av internkontrollrutiner i sin barnehage. Kvar barnehage skal arbeide ut rutiner for å sikre ein god kvalitet på barnehagetilbodet og for å hindre at barna vert utsett for ulykker i barnehagetida.

§ 10. TEIEPLIKT

For all barnehageverksemd gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 til 13f tilsvarande.